

Fylkeskulturpris for Vestland – retningslinjer

Vedtatt av hovudutval for kultur, idrett og inkludering 28. mai 2024

Føremål

Vestland fylkeskommune skal kvart år dele ut ein fylkeskulturpris. Føremålet med prisen er å bidra til å bygge Vestland som ein leiande kulturregion og gje eit heidersteikn til ein person eller organisasjon som i stor grad bidreg til dette.

Kulturprisen kan gjevast til personar, lag og organisasjonar

- som har vore ein spydspiss i kunst- og kulturlivet i fylket, og bidrege til å syne fram Vestland som leiande kulturregion.
- som viser kulturinnsats utover det vanlege, og med tyding for heile eller ein større del av fylket.
- som viser kreativitet og evne til nyskaping og /eller har gjort ein særleg innsats i å ivareta og formidle kulturarven.

Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeid med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Storleik på prisen

Prisen er på 50 000 kroner.

Søknad/nominasjon

Aktuelle kandidatar må nominerast innan 1. oktober kvart år. Nominasjonen gjeld for det året den vert meldt inn. Det er ikkje høve til å nominere seg sjølv til prisen. Alle nominasjonar skal vere grunngjevne.

Handsaming

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den.

Direktør/avdeling for kultur og folkehelse vurderer og innstiller kandidat(ar) til fylkeskulturprisen.

I tillegg til den vedtekne summen får kulturprismottakaren eit diplom eller anna høveleg teikn på kulturprisen.

Tildelinga av fylkeskulturprisen vert offentleggjort når hovudutval for kultur, idrett og inkludering har gjort vedtaket sitt.

Utdelinga skjer i samband med fylkestinget i desember kvart år.

Grunngjevinga frå hovudutvalet vert lagt fram av leiaren i hovudutvalet, medan fylkesordføraren står for sjølve utdelinga.

Frist for grunngjeve innspel til aktuelle kandidatar er **1. oktober**